

Kvartalsrapport

1-2018



SpareBank
HALLINGDAL VALDRES



Kommentarar 1. kvartal 2018

Konsernet

Konsernet si hovudverksemd omfattar følgjande område:

- Bankverksemd
- Eigedomsmekling
- Rekneskapsføring.

Alle desse områda er konsesjonspliktige.

I tillegg driv konsernet med eigedomsutvikling og investeringsverksemd. Den samla verksemda blir utført av morselskapet og 5 heileigde dotterselskap.

Konsernrekneskopen omfattar også to felleskontrollerte verksemdar inn mot SpareBank 1-Alliansen.

Konsernet har eit resultat etter skatt på 29,4 mill. kroner. Dette er 4,8 mill. under resultatet per 1. kvartal i fjor.

Bankverksemda

Bankverksemda blir drive av morbanken SpareBank 1 Hallingdal Valdres. I kvartalet har verksemda hatt 80,8 årsverk.

Banken har eit driftsresultat etter skatt per 1. kvartal på 25,1 mill. kroner som svarar til 1,02 % av gjennomsnittleg forvaltningskapital. Resultatet er 2,0 mill. under tilsvarande periode i fjor. Fjorårets rekneskap hadde fleire eingongseffektar som påverka resultatet positivt.

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter utgjer 44,4 mill. kroner og er 3,3 mill. over tilsvarande periode i fjor. Rentenettoen i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital er per 1. kvartal på 1,80 %. I same periode i fjor var rentenettoen 1,82 %. Det er hittil i år kostnadsført 1,2 mill. i sikringsfondsavgift. Årsavgifta er periodisert slik at dette utgjer ¼ av årleg avgift.

Netto andre driftsinntekter utgjer 26,1 mill. kroner mot 29,1 mill. i same periode i fjor. Inntektsnedgangen kjem i hovudsak av at banken i same periode i fjor inntektsførte 12 mill. i realisert gevinst på sal av aksjefond. I år er det ikkje gjennomført sal av verdipapir i større omfang. Høgare utbytte og auka provisjonsinntekter frå overførte lån aukar med til saman 7,8 mill. og er med på å halde andre inntekter på eit høgt nivå.

Driftskostnadane per 1. kvartal aukar frå 34,7 mill. i fjor til 38,1 mill. kroner i år.

Resultatrekneskopen viser ein netto tapskostnad på 0,2 mill. kroner. Nedskrivningar knytt til utlån er uendra hittil i 2018.

Banken har ved utgangen av 1. kvartal ein forvaltningskapital på 10,0 mrd. kroner. Forvaltningskapitalen har ein vekst på 8,2 % siste 12 månader.

Balanseførte utlån samt overførte lån til kredittføretaka SpareBank 1 Boligkreditt AS (boligkreditt), og SpareBank 1 Næringskreditt AS (næringskreditt) har ein vekst frå 1. kvartal i fjor på 910 mill. kroner eller 9,3 %. Banken har overført lån for nærare 2,4 mrd. kroner til desse selskapa. Dette utgjer 21,9 % av balanseførte og overførte lån. Samla utlån fordeler seg med 71,1 % til privatmarknaden og 28,9 % til bedriftsmarknaden.

Sum engasjement som er mislegaldet lengre enn 90 dagar utgjer per 1. kvartal 40,1 mill. av utlånsvolumet og er ein nedgang på 31,1 mill. frå 1. kvartal 2017. Sidan utgangen av 2017 har volumet gått litt opp. Misleghaldet utgjer med det berre 0,47 % av brutto utlån. Samla nedskrivningar for verdifall på utlån utgjer 48,1 mill. kroner. Misleghald og tap er ytterlegare spesifisert på side 4 i kvartalsrapporten.

Innskota ved utgangen av 1. kvartal er på 7,3 mrd. kroner, og er ein auke på 569 mill. siste 12 månader. Innskota fordeler seg med 4,1 mrd. til privatmarknaden og 3,2 mill. til bedriftsmarknaden. Rekna i prosent er auken siste 12 månader på 8,2 %. Utlåns- og innskotsutviklinga gjer at finansieringsgraden (innskot/utlån) ved kvartalsslutt er på 86,1 % mot 84,6 % for eit år sidan.

Banken har per 1. kvartal 1,3 mrd. kroner i eksterne innlån fordelt på 5 obligasjonslån på ca. 1,14 mrd. kroner, eit banklån pålydande 100 mill. kroner og eit ansvarleg lån på 60 mill. kroner. Av innlåna har 404 mill.

kroner løpetid på under eit år.

Eigedomsmekling

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet EiendomsMegler 1 Fjellmeglaren AS og har 18,2 årsverk. Selskapet har ein leiande marknadsposisjon i Hallingdal. I Valdres er selskapet i ein utfordringsposisjon.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på 2,1 mill. noko som er 1,4 mill. over tilsvarande periode i fjor. Driftsinntektene er 2,6 mill. over 1. kvartal i 2017. Så langt i år har selskapet omsett 180 eigedomar mot 162 i same periode i fjor.

Rekneskap og økonomisk rådgjeving

Denne verksemda blir drive av dotterselskapet SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS. Selskapet har 42,0 årsverk og er ein betydeleg aktør i Hallingdal og Valdres med kontor i 5 kommunar i Hallingdal og i 2 kommunar i Valdres.

Selskapet har eit driftsresultat før skatt per 1. kvartal på -0,2 mill. noko som er 0,4 mill. lågare enn tilsvarande periode i fjor.

Andre verksemdar

Konsernet si eigedomsverksemd blir drive av dotterselskapa SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS og SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS.

SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS driv utleige av lokale til konsernet sine verksemdar på Gol og i Hemsedal.

SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS eig konsernet sine lokale på Beitostølen og Heggnes. Selskapet leiger konsernet sine lokale på Fagernes og Flå samt lokale i Meny-bygget på Gol.

Selskapa leverer eit resultat før skatt per 1. kvartal på -0,6 mill. kroner. Dette er -0,3 mill. svakare enn same periode i fjor. Selskapa har som målsetting å gå om lag i balanse.

Konsernet si investeringsverksemd blir drive av SpareBank 1 Hallingdal Invest AS. Selskapet har utvikla eit tomtefelt på Flå og har kjøpt ein eigedom på Geilo for vidareutvikling. Resultatet før skatt per 1. kvartal er på -0,2 mill. kroner, noko som er 0,1 mill. betre enn i same periode i fjor. Resultatutviklinga i selskapet vil i stor grad vere avhengig av framtidig tomtesal.

Felleskontrollert verksemd

Banken eig 7,8 % i kvar av dei felleskontrollerte selskapa Samarbeidende Sparebanker AS og Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS. Desse selskapa er eigd av 10 mellomstore bankar i SpareBank 1 Alliansen. Samarbeidende Sparebanker AS eig 19,5 % av SpareBank 1 Gruppen AS. Samarbeidende Sparebanker Bankinvest AS eig 19,5 % av BN Bank.

Resultatandelen frå desse verksemdene inngår i konsernrekneskopen, i tillegg til morbanken og dotterselskapa, og utgjer 4,3 mill. kroner av det samla konsernresultatet på 29,4 mill.

Kapitaldekning

Konsernet har ved utgangen av 1. kvartal ei kapitaldekning på 19,36 %. For morbanken er kapitaldekninga på 18,11 %. Kvartalsrekneskopen er ikkje revidert så resultatet hittil i år er ikkje lagt til den ansvarlege kapitalen. Banken har eit ansvarleg lån på 60 mill. kroner som styrkar den ansvarlege kapitalen og kapitaldekninga.

Framtidsutsikter

Marknadsrentene stig og kredittpåslaget på innlån til banken er også stigande. Styret forventar at me snart ser den første rentehevinga og starten på ein periode med auka renter på utlån, innskot og innlån til banken. I ein periode med auka renter vil sannsynlegvis rentenettoen bli svekka då justering av utlånsrentene kjem sist i rekkja med justeringar. Konkursansen medfører at rentejusteringar på utlån blir helde att så lenge som mogeleg og dermed svekker rentenettoen. Målet er å halde rentenettoen på dagens nivå, men det kan bli vanskeleg dersom rentescenariotet slår til.

Investeringar i datadreven kundedialog er nødvendig på allianse og banknivå. Dette vil i ein periode medføre at kostnadsveksten er større enn inntektsveksten på dette området – med auka personalkostnader og IT-kostnader. Dette er investeringar som kjem for fullt i år og neste år.

Det er framleis svært god aktivitet i marknaden for fritidseigedomar. Det fører til høg aktivitet hjå dei fleste bedrifter i vår region. Misleghald og tap er venta å vere på eit lågt nivå framover.

Hallingdal, 31.03.18/09.05.18

Kjell Vidar Bergo <i>styreleiar</i>	Kristin Ourom <i>nestleiar</i>	Tore Østlund	Gro Lundby
Ragnhild Kvernberg	Odd Holde	Vidar Isungset	Ellen Intelhus
	Knut Oscar Fleten <i>adm. direktør</i>		

Resultatrekneskap 1. kvartal 2018 Tal i heile 1000 kroner

MORBANK					KONSERN					
Året 17	1. kv. 17	1. kv. 18	31.03.17	31.03.18		31.03.18	31.03.17	1. kv. 18	1. kv. 17	Året 17
277 099	67 277	71 038	67 277	71 038	Renteinntekter og liknande inntekter	70 645	66 901	70 645	66 901	274 941
101 273	26 136	26 652	26 136	26 652	Rentekostnader og liknande kostnader	26 782	26 322	26 782	26 322	101 256
175 825	41 141	44 386	41 141	44 386	Netto rente- og provisjonsinntekter	43 863	40 579	43 863	40 579	173 685
48 238	-139	4 473	-139	4 473	Utbytte og andre innt. av verdipapir med variabel avk.	8 362	7 187	8 362	7 187	39 962
79 417	18 015	21 165	18 015	21 165	Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	21 165	18 015	21 165	18 015	79 417
6 290	1 640	1 578	1 640	1 578	Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	1 578	1 640	1 578	1 640	6 290
14 278	11 952	580	11 952	580	Netto verdiendr. og gevinst/tap valuta og verdipapir	580	11 952	580	11 952	14 278
4 156	883	1 496	883	1 496	Andre driftsinntekter	22 035	20 907	22 035	20 907	74 470
139 800	29 070	26 136	29 070	26 136	Sum andre inntekter	50 564	56 421	50 564	56 421	201 837
315 625	70 211	70 523	70 211	70 523	Sum driftsinntekter	94 427	97 000	94 427	97 000	375 522
74 521	18 411	19 485	18 411	19 485	Personalkostnader	33 757	32 776	33 757	32 776	123 787
38 452	8 772	9 000	8 772	9 000	Administrasjonskostnader	8 760	8 509	8 760	8 509	37 860
4 399	1 013	2 172	1 013	2 172	Avskrivningar mv av varige driftsmiddel	4 325	3 122	4 325	3 122	13 903
25 822	6 482	7 483	6 482	7 483	Andre driftskostnader	10 632	9 903	10 632	9 903	37 780
143 195	34 678	38 140	34 678	38 140	Sum driftskostnader	57 474	54 310	57 474	54 310	213 330
172 430	35 533	32 383	35 533	32 383	Resultat før tap	36 953	42 690	36 953	42 690	162 192
8 983	-98	249	-98	249	Tap på utlån, garantier mv	249	-98	249	-98	8 983
1 023	-27	-29	-27	-29	Nedskr og gev./tap på verdipapir haldne på lang sikt	-29	-27	-29	-27	2 877
162 425	35 658	32 163	35 658	32 163	Resultat etter tap	36 733	42 815	36 733	42 815	150 332
28 048	8 500	7 040	8 500	7 040	Skatt på ordinært resultat	7 302	8 569	7 302	8 569	27 577
134 376	27 158	25 123	27 158	25 123	Resultat av ordinær drift etter skatt	29 431	34 246	29 431	34 246	122 755
134 376	27 158	25 123	27 158	25 123	Resultat	29 431	34 246	29 431	34 246	122 755

Nøkkeltal

MORBANK	1. kv. 18	1. kv. 17	Året 17	Norm 17 *
RENTABILITET				
Rentenetto i % av gj.sn forvaltn.kapital	1,80	1,82	1,86	1,81
Driftskostnader i % av driftsinntekter	54,08	49,39	45,37	51,22
Driftskost. i % av gj.sn.forvaltn.kapital	1,54	1,54	1,51	1,32
Eigenkapitalrentabilitet (før skattekostnad)	10,51	13,28	13,51	10,97
Eigenkapitalrentabilitet (etter skattekostnad)	8,21	10,11	11,18	8,57
FINANSIERING				
Utlånsvekst (brutto) i % siste 12 md.	7,84	11,51	9,61	6,89
Overførte lån til kredittforetak (1000 kr)	2 369 346	2 094 988	2 270 201	
Utlånsvekst i % siste 12 md. inkl. overført til kredittforetak	9,13	10,47	9,38	7,90
Innskotsvekst i % siste 12 md.	8,23	10,07	10,81	5,24
Innskot i % av brutto utlån	86,09	85,00	86,59	81,69
Auke i forvaltn.kapitalen i % siste 12 md.	8,17	6,22	10,96	7,32
Likviditetsreserve i % (LCR)	132,00	82,00	165,00	168,90
SOLIDITET				
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)**	1 387 537	991 159	1 118 013	
Kapitaldekning i % **	18,11	17,32	18,61	20,99
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)**	9,87	8,96	9,30	
Eigenkapitalprosent	12,54	12,53	12,18	10,99
Nedskrivning i % av brutto utlån	0,57	0,59	0,57	0,52
Bokførte tap i % av brutto utlån	0,00	0,00	0,11	0,08
KONSERN				
	1. kv. 18	1. kv. 17	Året 17	Norm 17*
Likviditetsreserve i % (LCR)	203,00	119,00	173,00	
Netto ansvarleg kapital (1000 kr)	1.211.357	982 831	1 227 777	
Kapitaldekning i %	19,36	17,00	19,69	21,43
Uvekta kjernekapitalandel i % (leverage ratio)	10,80	10,30	10,15	

* Byggyr på tal frå Bankenes sikringsfond for bankar med forvaltningskapital mellom 3 og 10 mrd. kroner.

** Frå og med 1. kvartal 2018 blir tal etter nye konsolideringsreglar for eigarforetak i samarbeidande gruppe rapportert.

Dotterselskap Tal i heile 1000 kroner

DRIFTSINTEKTER	31.03.18	31.03.17	Endring	RESULTAT FØR SKATT	31.03.18	31.03.17	Endring
EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	12 040	9 441	2 600	EiendomsMegler 1 Fjellmegleren AS	2 138	685	1 453
SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	1 916	1 937	-21	SpareBank 1 Hallingdal Eigedom AS	-109	-33	-76
SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	1	1	0	SpareBank 1 Hallingdal Invest AS	-170	-273	103
SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	9 793	11 034	-1 241	SpareBank 1 Regnskapshuset ValHall AS	-183	183	-366
SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	1 142	1 386	-244	SpareBank 1 ValHall Eigedomsutvikling AS	-539	-278	-260
Sum	24 892	23 799	1 093	Sum	1 138	284	854

Balanse per 31. mars 2018

Tal i heile 1000 kroner

MORBANK				KONSERN		
31.12.17	31.03.17	31.03.18	EIGEDELAR	31.03.18	31.03.17	31.12.17
71 664	66 152	72 282	Kontantar og fordringar på sentralbankar	72 282	66 152	71 664
562 044	362 284	400 110	Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	400 032	362 296	561 692
8 441 275	7 837 978	8 470 238	Brutto utlån til og fordringar på kundar	8 373 355	7 737 481	8 326 962
-10 138	-10 091	-10 185	- Individuelle nedskrivningar	-10 185	-10 091	-10 138
-37 900	-36 300	-37 900	- Gruppevise nedskrivningar	-37 900	-36 300	-37 900
8 393 237	7 791 587	8 422 153	Netto utlån til og fordringar på kundar	8 325 270	7 691 090	8 278 924
21 330	6 846	21 030	Overtekte eige delar	21 030	6 846	21 330
403 196	402 692	412 712	Sertifikat, obligasjonar og andre rentebær. v.papir	412 712	402 692	403 196
461 631	438 389	464 583	Aksjar, andelar og andre vp. med variabel avkastning	464 902	438 709	461 951
78 071	51 552	78 071	Eigarinteresser i tilknytt selskap	181 958	172 007	178 113
47 374	47 666	47 739	Eigarinteresser i konsernselskap	-	-	-
5 193	4 560	5 193	Immatrielle eige delar	7 059	8 006	7 535
15 633	14 727	14 741	Varige driftsmidlar	99 500	113 202	101 764
4 754	5 673	38 849	Andre eige delar	59 723	28 137	25 629
4 318	36 294	5 064	Forskotsbetalingar og opptente inntekter	43 513	64 685	49 043
10 068 446	9 228 423	9 982 527	Sum eige delar	10 087 981	9 353 822	10 160 841
			GJELD OG EIGENKAPITAL			
109 281	101 364	100 000	Gjeld til kredittinstitusjonar	100 712	101 364	109 995
7 309 609	6 723 147	7 292 186	Innskot frå og gjeld til kundar	7 271 263	6 704 951	7 281 099
1 242 101	1 140 447	1 202 892	Gjeld stifta v/ utsteding av verdipapir	1 202 892	1 140 447	1 242 101
86 576	59 215	43 141	Anna gjeld	51 290	63 674	93 472
11 352	25 793	11 116	Påkomne kostnader og forskotbetalte inntekter	22 283	35 614	22 193
23 147	22 440	21 690	Avsetningar til forpliktingar og kostnader	22 432	27 822	23 889
60 000	0	60 000	Ansvarleg lånekapital	60 000	0	60 000
8 842 066	8 072 406	8 731 025	Sum gjeld	8 730 872	8 073 872	8 832 749
805 700	805 700	805 700	Eigenkapitalbevis	805 700	805 700	805 700
11 581	11 581	11 581	Overkursfond	11 581	11 581	11 581
1 176	1 176	1 176	Kompensasjonsfond	1 176	1 176	1 176
818 458	818 458	818 458	Sum innskote eigenkapital	818 457	818 457	818 457
285 701	197 561	285 701	Utjamningsfond	285 701	197 561	285 701
114 181	101 802	114 181	Grunnfondskapital	114 181	101 802	114 181
8 039	11 039	8 039	Gåvefond	8 039	11 039	8 039
-	-	-	Fond for vurderingsulikheiter	103 887	120 455	100 042
-	-	-	Anna eigenkapital	-2 587	-3 608	1 672
407 922	310 401	407 922	Sum opptent eigenkapital	509 221	427 249	509 635
-	27 158	25 123	Resultat hittil	29 431	34 245	-
1 226 379	1 156 017	1 251 503	Sum eigenkapital	1 357 109	1 279 951	1 328 092
10 068 446	9 228 423	9 982 527	Sum gjeld og eigenkapital	10 087 981	9 353 823	10 160 841
			POSTAR UTANOM BALANSEN			
523 930	600 359	519 241	Betinga forpliktingar	519 241	600 359	523 930

Misleghald og tap på utlån

Tal i heile 1000 kroner

	MORBANK		
MISLEGHALDNE LÅN	1. kv. 18	1. kv. 17	Året 17
Brutto misleghaldne lån	40 137	62 960	27 620
- individuelle nedskrivning	9 026	8 711	7 794
NETTO MISLEGHALDNE LÅN	31 111	54 249	19 826
IKKJE MISLEGH. LÅN MED NEDSKRIVING			
Brutto utlån	1 159	1 186	2 620
- individuelle nedskrivning	1 159	1 167	1 166
NETTO IKKJE MISL.H. LÅN M/NEDSKR.	0	19	1 454
TAP PÅ UTLÅN OG GARANTAR			
Endring gruppenedskrivning	-	-	1 600
Endring individuell nedskrivning	258	1	1 289
Konstatert tap i perioden	3	173	7 543
Inngått på tidl.konst. tap	-13	-272	-1 449
TILBAKEFØRING (-) / TAP I PERIODEN (+)	249	-98	8 983

Tlf 9150 3202
Faks 3202 3901
post@sb1.no
www.sb1.no
Foretaksregisteret
937 889 631

Kundesenteret
Postboks 33
3551 Gol
Forretningsadresse
Postboks 173
3571 Ål

Kontor: Geilo, Ål, Gol, Hemsedal,
Fagernes, Heggnes og Beitostølen

SpareBank
HALLINGDAL VALDRES

